



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Samfunnsutvalet	

Skår minikraftverk

Samandrag:

Tussa Energi AS har søkt om løyve til å bygge Skår minikraftverk. NVE har konkludert med at søknaden fell innanfor kommunen sitt mynde etter vassressurslova som omfattar vasskraftverk på inntil 1 MW installert effekt.

Plan- og bygningslova gjeld side om side av vassressurslova, og søknaden må handsamast både etter vassressurslova og som ein dispensasjon frå gjeldande arealplan etter plan- og bygningslova.

Søknad om kraftverk med installert effekt på 2,5 MW i same vassdrag på Skår vart gitt avslag av NVE den 23.09.2014. Olje- og energidepartementet (OED) valde å oppretthalde NVE sitt avslag den 31.03.2016 gjennom klagehandsaming.

Søknaden omfattar no eit kraftverk med mindre vassuttak slik at installert effekt er redusert til 1 MW, medan inntak, røyrgate og kraftstasjon er plassert på same stadane som ved tidlegare søknad.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret syner til søknaden om bygging av minikraftverk på skår frå Tussa Energi AS med dei tilleggssopplysningane og justeringane som har kome fram under og etter høyring.

Kommunestyret syner til at søknaden no omfattar eit minikraftverk med redusert installert effekt i høve tidlegare søknad, og at det også er gjort andre endringar som reduserer negative landskapsverknader av ei utbygging. Det vert konkludert med at tiltaket ikkje vil sette plan- og lovgrunnlaget vesentleg til sides. Etter ei samla vurdering der det er lagt vesentleg vekt på fordelane for lokal busetting og verdiskaping finn kommunestyret også at det er større fordelar enn ulemper med å gje løyve til utbygging. Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gitt dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og konsesjon med heimel i vassressurslova § 8 for bygging av minikraftverk i Skårelva. Det vert sett følgjande vilkår:

- Installert effekt kan ikkje vere over 0,99 MW.
- Det skal utarbeidast ein detaljplan for utføring i samsvar med NVE sine retningslinjer for MTA-planar.
- Vassdraget skal sikrast ei minstevassføring nedanfor inntaket på 22 l/s heile året.
- Inntaket skal etablerast under fossen om lag på cote 240.

- Terrengforma ved inntaket må så langt råd tilbakeførast for å skjerme innsyn til inntaksarrangement og såleis minimere landskapsverknaden.
- Det skal ikkje etablerast verken permanent veg eller køyrefast del i terrenget fram til inntaket.
- Røyrгатetraseen skal nyttast som anleggsveg i byggeperioden frå pel 350 og opp til inntaket. Traseen skal tilretteleggast for best mogleg naturleg tilgroing, utan føring om køyresterk del i terrenget.
- Røyrгатetraseen mellom om lag pel 180 – 320 skal leggast på dyrka mark søraust for rydningsrøysene for å gje minst mogleg landskapsverknad på denne strekninga. Dyrkamarka må gjenopprettast etter utført røyrlegging.
- Utfylling av tomt til kraftstasjon må utformast med god visuell kvalitet, og ved plassering av stasjonsbygg må det leggast vekt på å redusere behovet for store skjeringar i terrenget.
- Utforming av kraftstasjonsbygget må gjerast ut frå prinsippet om å underordne seg og tilpasse seg landskapet. Det kan gjerne nyttast naturmaterialar som gjer at bygget glir best mogleg inn i landskapet. Endeleg utforming må fastsettast i detaljplanen.
- Dokumentasjon om at tiltaket oppfyller krava til tryggleik mot naturfare etter byggteknisk forskrift (TEK) skal leggast fram i samband med detaljplanen.

Det vert i tillegg fastsett følgjande konsesjonsvilkår, jf. vassressurslova § 8 (basert på NVE sine standardvilkår):

1. Bortfall av konsesjon

Konsesjonen fell bort dersom ikkje arbeidet er sett i gang seinast fem år frå konsesjonen sin dato og vert fullført innan ytterlegare fem år, jf. vassressurslova § 19 og vassdragsreguleringslova § 12 nr. 1 tredje ledd. Kommunen kan forlenge fristen med inntil fem nye år. I fristane reknast ikkje den tida som på grunn av særlege tilhøve (vis major), streik eller lockout har vore umogleg å utnytte.

2. Konsesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift m.v.

Konsesjonæren pliktar å påsjå at han sjølv, kontraktørane hans og andre som har med anleggsarbeidet og kraftverksdrifta å gjere, unngår øydelegging av naturforekomstar, landskapsområde, fornminne m.v., når dette er ønskjeleg av vitenskapelege eller historiske grunnar eller på grunn av områda sin naturskjønnhet eller eigenart. Dersom slike øydeleggingar ikkje kan unngåast, skal rette mynde underrettast i god tid på førehand.

3. Godkjenning av planar, landskapsmessige tilhøve, tilsyn m.v.

Konsesjonæren pliktar å legge fram for kommunen detaljerte planar med naudsynte opplysningar, berekningar og kostnadsoverslag for reguleringsanlegga. Arbeidet kan ikkje settast i gang før planane er godkjent. Anlegga skal utførast solid, minst mogleg skjemmaende og skal til ei kvar tid haldast i full driftsmessig stand.

Godkjenning av planar og tilsyn med utføring og seinare vedlikehald og drift av anlegg og tiltak som er omfatta av denne posten er tillagt kommunen. Utgiftene knytt til dette dekkast av konsesjonæren.

Konsesjonæren pliktar å planlegge, utføre og vedlikehalde hovud- og hjelpeanlegg slik at det økologiske og landskapsarkitektoniske resultatet vert best mogleg.

NVE skal ha høve til å uttale seg om planane dersom det er avvik av betydning i høve til det som går fram av konsesjonssøknaden.

Konsesjonæren pliktar å skaffe seg varig råderett over tippar og andre område som er naudsynte for å gjennomføre pålegg som vert gitt i samband med denne posten.

Konsesjonæren pliktar å gjennomføre ei forsvarleg opprydding av anleggsområda. Oppryddinga må vere ferdig seinast 2 år etter at vedkomande anlegg eller del av anlegg er sett i drift.

Hjelpeanlegg kan påleggast planlagt slik at dei seinare blir til varig nytte for ålmenta dersom det kan skje utan uforholdsmessig utgift eller ulempe for anlegget.

Ansvar for hjelpeanlegg kan ikkje overdragast til andre utan kommunen sitt samtykke.

Kommunen kan gje pålegg om nærare gjennomføring av plikter i samsvar med denne posten.

4. Naturforvaltning

- a. Konsesjonæren pliktar etter nærare reglar frå Miljødirektoratet å syte for at tilhøva i Skårelva er slik at dei naturlege livsvilkåra for fisk og andre naturleg førekomande plante- og dyrepopulasjonar vert forringa minst mogleg.
- b. Konsesjonæren pliktar etter nærare reglar frå Miljødirektoratet å syte for at tilhøva for plante- og dyrelivet i området som direkte eller indirekte vert påverka av utbygginga vert forringa minst mogleg, og om naudsynt utføre kompensierende tiltak.
- c. Konsesjonæren pliktar etter nærare reglar frå Miljødirektoratet å syte for at friluftslivet sine bruks- og opplevingsverdiar i området som vert direkte eller indirekte påverka av anleggsarbeid vert teke vare på i størst mogleg grad. Om naudsynt må det utførast kompensierende tiltak og tilretteleggingstiltak.
- d. Konsesjonæren pliktar etter nærare reglar frå Miljødirektoratet å koste naturvitskaplege undersøkingar samt friluftsunndersøkingar i dei områda som vert påverke av utbygginga. Dette kan vere arkiveringsundersøkingar. Konsesjonæren kan også påleggast å delta i fellesfinansiering av større undersøkingar som omfattar områda som direkte eller indirekte vert påverka av utbygginga.
- e. Alle utgifter knytt til kontroll og tilsyn med at vilkåra ovanfor eller pålegg gitt med heimel i desse vilkåra vert følgt skal dekkast av konsesjonæren.

5. Automatisk freda kulturminne

Konsesjonæren pliktar i god tid før anleggsstart å undersøke om tiltaket kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne etter lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9. Viser det seg at tiltaket kan vere eigna til å skade, øydelegge, flytte, forandre, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne, pliktar konsesjonæren å søke om dispensasjon frå den automatiske fredinga etter kulturminnelova § 8 første ledd, jf. §§ 3 og 4.

Viser det seg i anleggs- eller driftsfasen at tiltaket kan vere eigna til å skade, øydelegge, flytte, forandre, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne som hittil ikkje har vore kjende, skal melding om dette sendast fylkeskommunen si kulturminneforvaltning med det same og arbeidet stansast i den utstrekning tiltaket kan kome i konflikt med kulturminnet, jf. lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne § 8 andre ledd, jf. §§ 3 og 4.

6. Ferdsel m.v.

Konsesjonæren pliktar å erstatte utgifter til vedlikehald og istandsetting av offentlege vegar, bruer og kaier, dersom desse utgifter vert vesentleg auka ved anleggsarbeidet. I tvisttilfelle avgjerast spørsmålet om kor vidt vilkåra for refusjonsplikta er til stades, samt erstatninga si storleik ved skjøn på konsesjonæren sin kostnad. Konsesjonæren

pliktar i naudsynt utstrekning å legge om turiststiar og klopper som er i jamleg bruk og som vert øydelagt/utligngelege.

7. Registrering av minstevassføring, krav om skilting og merking

Det skal etablerast ei måleinnetning for registrering og dokumentasjon av minstevassføring, løyninga skal godkjennast av NVE. Data skal leggjast fram for NVE på førespurnad og oppbevarast på ein sikker måte i heile anlegget si levetid.

Ved alle stadar med pålegg om minstevassføring skal det settast opp skilt med opplysningar om manøvreringsreglar og korleis dette kan kontrollerast. NVE skal godkjenne skilta si utforming og plassering.

Dei partia av isen på inntaksmagasin som misser bæreevna på grunn av reguleringane må markerast på kart på opplysningsskilt og merkast eller sikrast.

For alle vassdragsanlegg skal det etablerast og oppretthaldast føremålstenlege sikringstiltak av omsyn til ålmenta sin normale bruk og ferdsel på og ved anlegga.

8. Etterundersøkingar

Konsesjonæren kan påleggast å utføre og koste etterundersøkingar av reguleringa sine verknader for berørte interesser. Undersøkningsrapportane med tilhøyrande materiale skal stillast til rådvelde for det offentlege. NVE eller kommunen kan fastsette nærare reglar om kva slag undersøkingar som skal gjennomførast og kven som skal utføre dei.

9. Luftovermetning

Konsesjonæren pliktar i samråd med kommunen eller NVE å utforme anlegget slik at mulegheitene for luftovermetning i avløp til sjø blir minst mulig. Skulle det likevel vise seg ved anlegget si seinare drift at luftovermetning førekjem i skadeleg omfang, kan konsesjonæren etter nærare krav fastsett av kommunen eller NVE bli pålagt å koste tiltak for å forhindre eller redusere problema, herunder forsøk med heil eller delvis avstenging av anlegget for å lokalisere årsaka.

10. Varslingsplikt

Konsesjonæren pliktar å varsle NVE om namne- og/eller adresseendringar. Ved eventuell overdraging av anlegget skal NVE bli varsla om overdraginga i forkant.

11. Kontroll med at vilkåra vert følgt

Konsesjonæren pliktar å rette seg etter dei bestemmelsar som til ei kvar tid måtte bli fastsett av kommunen eller NVE til kontroll med korleis dei vilkåra vert følgt. Utgiftene med kontrollen erstattast det offentlege av konsesjonæren etter nærare reglar som vert fastsett av NVE.

For å sikre at vedtak med heimel i vassressurslova vert gjennomført, kan den ansvarlege påleggast tvangsmulkt til staten, jf. vassressurslova § 60. Pålegg om mulkt er tvangsgrunnlag for utlegg. Når eit rettsstridig tilhøve er konstatert kan det gjevast pålegg om retting og om naudsynt påleggast stans i pågåande verksemd, jf. vassressurslova § 59.

Overskridast konsesjonen eller konsesjonsvilkåra eller pålegg fastsatt med heimel i vassressurslova kan det illeggast overtredingsgebyr, eller straff med bøter eller fengsel inntil tre månader, jf. vassressurslova §§ 60a og 63 første ledd bokstav c.

Tussa Energi AS søker om tillatelse til å bygge Skår minikraftverk i Ørsta kommune
Vedlegg_Tussa Energi AS søker om tillatelse til å bygge Skår minikraftverk i Ørsta kommune
Skår kraftverk - referat frå synfaring
Skår kraftverk - tilleggsopplysingar
Skår kraftverk -vedlegg_ tilleggsopplysingar
Skår kraftverk_Vedlegg_tilleggsopplysingar_Oversiktsteikning-Ortofoto_RevA-2021 08 27
Cruise Service, 05.10.21
Grunneigarane på Skår, 30.09.21
Hjørundfjord bondelag, 30.09.21
Landbruksutvalet møte 22.11.21
Møre og Romsdal fylkeskommune, 06.01.22
Møre og Romsdal fylkeskommune, 10.02.22
Møre og Romsdal fylkeskommune, 14.01.22
Møre og Romsdal fylkeskommune, 20.09.21
Mørenett 20.09.21
Mørenett 21.12.21
Naturvernforbundet i Ørsta og Volda, 17.09.21
NVE, 20.09.21
Standal grendalag, 26.10.21
Statsforvaltaren, 04.01.22
Statsforvaltaren, 20.09.21
Sæbø grendalag, 24.10.21
Trandal grendalag, 24.10.21
Tussa Energi AS_Kommentar til fråsegner
Urke Grendalag, 08.10.21
Ørsta Næringskontor,04.10.21

Saksopplysningar:

Tussa Energi AS har søkt om løyve til å bygge Skår minikraftverk. NVE har konkludert med at søknaden fell innanfor kommunen sitt mynde etter vassressurslova § 64 som omfattar vasskraftverk på inntil 1 MW installert effekt. Kommunen skal handsame søknaden og vurdere konsesjon etter vassressurslova. Plan- og bygningslova gjeld side om side av vassressurslova, og søknaden må også handsamast som ein dispensasjon frå gjeldande arealplan.

I kommuneplanen sin arealdel ligg tiltaket innanfor LNF-område sone C, der det er fastsett slik føresegn:

Innanfor desse områda kan det berre gjevast løyve til bygging og frådeling i samband med tradisjonell stadbunden næring som har direkte tilknytning til landbruket. Oppføring av fritidshus kan tillatast, men berre på svært strenge vilkår og dersom sektormynde ikkje har merknader. Nokre av dei registrerte viltområda i høve Viltregisteret til Fylkesmannen ligg i denne sona. Det vert synt til temakart nr. 8.

Om søknaden

Det var også søkt om utbygging av Skårelva i 2012. Søknaden gjaldt då eit kraftverk med installert effekt på 2,5 MW. Denne søknaden fekk avslag av NVE den 23.09.2014. Etter klagehandsaming valde Olje- og energidepartementet (OED) å oppretthalde NVE sitt avslag den 31.03.2016.

Søknaden omfattar no eit kraftverk med mindre vassuttak slik at installert effekt er redusert til 1 MW, medan inntak, røyrgate og kraftstasjon er plassert på same stadane som ved tidlegare søknad. Det vert synt til vedlagde søknadsdokument for meir informasjon. Det vert

også synt til referat frå synfaring i høyringsperioden datert 24.08.2021 og tilleggsinformasjon og justeringar av søknaden frå søkjar datert 27.08.2021 og 22.11.2021. Omtale og vurdering av søknaden byggj såleis på slik den framstår etter siste informasjon og justering.

Det er planlagt inntaksdam utført som 1-1,5 m høg betongterskel om lag på cote 240. Frå inntaket vil det verte gravd ned ei 875 m lang rørleidning til kraftstasjonen, som er planlagt å ligge i dagen ved sjøen. Kraftverket vil få ei yting på maks 1 MW/1,25 MVA. Ein eksisterande veg på Skår skal oppgraderast for å gjere den eigna som anleggsveg. Det vil òg bli bygd ein anleggsveg langs den øvste delen av røyrkata. 185 m av ein eksisterande traktorveg vil bli rusta opp for å kunne fungere som veg til kraftstasjonen. I tillegg er det planlagt ein 3 kilometer lang sjøkabel frå Skår til Urke/Lekneset.

Høyring

Søknaden vart sendt på høyring den 29.06.2021, og annonsert i Møre-Nytt. Det var gjennomført synfaring i høyringsperioden, og på bakgrunn av spørsmål som kom fram under synfaringa vart det sendt ut tilleggsinformasjon den 30.08.2021.

Tussa Energi AS fekk fråsegnene kommunen mottok i samband med høyringa oversendt til vurdering, og kommunen har motteke brev datert 22.11.2021 med Tussa Energi AS sine kommentarar til fråsegnene. Det kom fram så pass vesentlege vurderingar samt justeringar av søknaden at kommunen fann å sende fråsegnene samt søkjar sine vurderingar av desse til høyringspartane med høve til å ev. kome med supplerande fråsegner før vidare handsaming.

Det ligg føre følgjande fråsegner :

- Mørenett, 20.09.21 og 21.12.2021
- Naturvernforbundet Volda/Ørsta, 17.09.2021
- Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. 20.09.2021 og 03.01.2022
- Møre og Romsdal fylkeskommune, 20.09.21 og 06.01.22, 14.01.2022 og 10.02.2022
- NVE, 20.09.2021
- Grunneigarane på Skår, 30.09.2021
- Hjørundfjord Bondelag, 30.09.2021
- Ørsta Næringskontor, 04.10.2021
- Cruise Service, 05.10.2021
- Urke Grendalag 08.10.2021
- Sæbø grendalag, 24.10.2021
- Trandal grendalag, 24.10.2021
- Standal grendalag, 26.10.2021
- Landbruksutvalet, 22.11.2021

Nokre fråsegner er referert delvis eller i sin heilskap, dette er synleggjort med hermeteikn og skrift i kursiv. Det er elles formulert samandrag frå fråsegnene. Alle fråsegner ligg som vedlegg til saka.

Mørenett, 20.09.2021 og 21.12.2021

Dersom ein skal kunne ta i mot produksjon på 1 MW frå Skår i tillegg og all installert effekt frå Urke, må store delar av nettet frå Bondalen til Sæbø forsterkast. Det må også leggst ein 22 kV sjøkabel frå Urke til Skår for å få ut produksjon frå Skår kraftverk. Det er signalisert at det vil ta minimum 3-4 år før anlegga som er naudsynte for å ta mot ein ev. produksjon frå Skår kan stå ferdig. Mørenett har leveringsplikt, og ser det som naturleg at det er dei som skal bygge, drifte og eige ny kabel med bakgrunn i områdekonsesjonen.

Naturvernforbundet i Volda og Ørsta, 17.09.2021

Naturvernforbundet syner til at i 2014 vurderte NVE belastninga på natur og landskap til å vege tyngre enn gevinsten i produsert energi og at OED konkluderte likeeins i ankesaka i 2016. Dei meiner endringane i søknaden ikkje tilseier ei anna vurdering no. Dersom det er

behov for meir kraft lokalt, viser dei til at Mørenett har leveringsplikt etter Energilova § 3-3. Dei peikar på at den biologiske rapporten er frå 2005 og ber om at det vert gjennomført nytt feltarbeid og ein oppdatert biologisk rapport. Dei rår i frå utbygging.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, 20.09.2021 og 03.01.2021

Statsforvaltaren syner til søknaden og til felles synfaringa den 18.08.21. Hovudskilnaden på tidlegare søknad og denne, er ein mindre turbininstallasjon og dermed lågare uttak av vatn. Statsforvaltaren har oppsummert skilnadene i tabellen nedanfor.

Prosjektdata	Søknad 2013	Søknad 2021
Installert effekt (MW)	2,5	1,0
Produksjon (GWh)	6,3	4,7
Slukeevne maks. (l/s)	1280	500
Slukeevne min. (l/s)	50	20
Minstevassføring sommar (l/s)	22	22
Minstevassføring vinter (l/s)	0	22
Årleg middelproduksjon	6,35	4,7

Statsforvaltaren peikar på at søknaden på fleire punkt ikkje verkar ferdig gjennomarbeidd, men at det under synfaringa vart orientert om planane og at det seinare har kome tilleggsopplysningar frå søkjar.

Statsforvaltaren peikar elles på dei viktige natur- og kulturlandskapsverdiane i Hjørundfjorden, men at den mest inntrykkssterke delen av vassdraget ikkje vert rørt. Vidare at det er viktig å ha att så mange urørte vassdrag i området at ein ikkje svekker dei unike landskapsverdiane. Det vert synt til rapporten om samla belastning på landskapet i Hjørundfjorden, og at ei auka minstevassføring neppe vil gje vesentleg landskapseffekt då nedre del av vassdraget består av relativt grove lausmasser.

Statsforvaltaren går vidare gjennom ulike tema som ei ev. utbygging vil ha verknad for. I høve biologisk mangfald meiner statsforvaltaren det burde vore ei vurdering av naturtypen fossesprøytsone, og det vert rådd til ei størst mogleg minstevassføring.

Statsforvaltaren rådde frå den omsøkte utbygginga i si første fråsegn.

Etter andre gongs høyring vurderer Statsforvaltaren at endringane med omsyn til val av coandainntak og at det ikkje er behov for veg eller køyresterk del langs rørgatetraseen samt justeringar av traseen og endringar ved plassering av stasjonen er forbetringar av søknaden. Det vert peika på at det må stillast krav om minimalisering av inngrep og landskapstilpassing. Statsforvaltaren ser behovet for meir straum enn det som no blir levert til Skår, men dette må likevel vegast opp mot dei viktige landskapsverdiane som området representerer. Dersom kommunen godkjenner prosjektet ber statsforvaltaren om å få tilsendt detaljplan for miljø og landskap når den er utarbeidd.

Møre og Romsdal fylkeskommune, 20.09.2021, 06.01.2022, 14.01.2022 og 10.02.2022

Fylkeskommunen har levert fleire fråsegnar. I si første fråsegn vart det stilt krav om arkeologisk registrering av traseen. Vidare omtala fylkeskommunen dei store natur- og kulturlandskapsmessige verdiane og rådde frå utbygging.

I samband med andre gongs høyring då det låg føre meir detaljert informasjon og justeringar av søknaden, vurderte fylkeskommunen endringane som positive, men at inngrepet likevel må vurderast opp mot dei viktige verdiane som finnst i området. Kravet om arkeologisk utgreiing vart oppretthalde, og fylkeskommunen bad om å få detaljplanen oversendt dersom kommunen godkjenner prosjektet.

Fylkeskommunen varsler deretter at det ville kome ei eiga vurdering av saka knytt til næringsutvikling m.v, og det vart presisert at fylkeskommunen ikkje ville påklage eit positivt vedtak.

I si siste fråsegn syner fylkeskommunen til at tiltaket i tillegg til ny elektrisitetsproduksjon bidreg til forbetra infrastruktur for stabil straumforsyning og beredskap samt fiberdekning til Skår. Vidare syner fylkeskommunen til auka årleg straumbhov nasjonalt, og at sjølv om denne utbygginga er eit lite bidrag til fornybar energiproduksjon, bør alt produksjonspotensiale bli vurdert. Fylkeskommunen vurderer det omsøkte anlegget som viktig lokalt for å utløyse næringsaktivitet, og viser til at det på Skår ligg føre konkrete planar. Det vert også vist til Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021-2024 der eitt av dei langsiktige utviklingsmåla er at fylket skal verte miljøfylke nr. 1. Dette kan innebære ulike målkonflikter, men det vert konkret peika på delmål 1 og 5 i planen som relevante i denne saka. Fylkeskommunen finn etter ei samla vurdering å tilrå at det vert gitt dispensasjon.

NVE, 20.09.2021

NVE peikar på at kraftverket ligg innanfor ulike aktsemdområde, og at det må oppfylle TEK sine krav til tryggleik mot naturfare. NVE presiserer at kommunen berre har heimel til å godkjenne minikraftverk med installert effekt på maks 0,99 MV.

NVE kjem til at tiltaket har ein netto noverdi på -0,1 mill. kr. Berekninga tek berre omsyn til utbyggingskostnadane, og det er særleg uvisse til kostnaden med nett. Verknader for landskapsverdiar eller naturverdiar er ikkje prissette. Eit mogleg anleggsbidrag vil gjere prosjektet meir ulønsamt enn det NVE si utrekning viser.

I fylgje kraftsystemutgreiinga for Møre og Romsdal frå 2020, står Ørsta på lista over kommunar som ikkje har tilgjengeleg kapasitet i regionalnettet og/eller sentralnettet for ny produksjon. Kommunen bør innhente ei stadfesting frå Mørenett om at det vert tilstrekkeleg nettkapasitet til å knyte kraftverket til nettet.

Grunneigarane på Skår, 30.09.2021

Grunneigarane på Skår viser til at tilgang på sikker straumtilførsel er heilt avgjerande for at bygda kan eksistere og at det kan bu folk på Skår. Ein er avhengig av tilkomst med ferje, både for folk og for beitedyr, både for å ta i vare kulturlandskapet, slå markane og stelle jorda. Dei meiner ein er avhengig av utbygging av kraftverket for å sikre trygg straumtilførsel i framtida.

Dei viser til turistsatsinga i Hjørundfjorden, også på Skår, og at ein der er avhengig av straum til å drifte dei anlegga som det krev.

Dei skriv at konklusjonen er enkel: *«For Skår sin eksistens, er alt avhengig av at dette kraftverket vert bygd, og at vi derved får sikker og tilstrekkelig straumforsyning i framtida.»*

Hjørundfjord bondelag v/Knut Hustad, 30.09.21

JA TIL MINIKRAFTVERK PÅ SKÅR

Hjørundfjord bondelag syner til si uttale om tidlegare søknad om kraftverkutbygging på Skår og kommenterer m.a. utfallet av handsaminga av den søknaden.

Bondelaget viser til at det frå og med i haust ikkje lenger vert gardsdrift på Skår, men at det framleis vert satsa på næring, der Johan Skår m.a. har restaurert bygningane på tunet og satsar på skiturisme m.v. Elektrisiteten er ustabil grunna ein eldre straumkabel over fjorden, men vert det kraftverkutbygging vil Skår få både kortreist og stabil straum.

Det vert peika på at kommunen har påkosta ferjekaia fleire millionar, men at ei kraftutbygging vil sikre framtidig drift og med det grunnlag for næring og beitebruk. Dei er kritiske til at

kulturlandskapsomsyn vert nytta som argument mot ei utbygging, og meiner at utan beiting vil kulturlandskapet gro igjen.

Hjørundfjord Bondelag avsluttar fråsegna si med: *«Får ikkje Skår eit kraftverk forsvinn etter kvart truleg det meste av næringsliv frå Skår. Då vil også Skår nærast verte eit museum. Slik vil ikkje Hjørundfjord bondelag ha det. Vi vonar at politikarane i Ørsta er samde med oss. Denne minimale utbygginga vil ha langt fleire positive konsekvensar enn negative.»*

Stiftinga Ørsta Næringskontor, 04.10.21

Næringskontoret omtalar utfordringar med utarming av små bygdelag i Hjørundfjorden og ny satsing på reiseliv m.a. gjennom masterplanen for reiseliv i Ørsta frå 2017. Dei viser også til at denne satsinga har medført 30 nye arbeidsplassar og nye investeringar på om lag 500 mill frå offentlege og private. På Skår har det vore investert i fergekai og i ny næringsutvikling og det er behov for ei kraftutbygging som stabiliserer kraftforsyninga. Næringskontoret avsluttar med at: *«Alternativa på Skår er fråflytting og attgroing istaden for lys i husa pleie av kulturlandskap og lokal verdiskaping. Kraftverket er betingelsen for at Skår igjen får lys i husa og utvikle ny næring.»*

Cruise Service AS 05.10.2021

Cruise Service drifrar charterbåten Bruvik, (bygd som fjordbuss i 1949) og Gabriele, og ser fram til å nytte den nye destinasjonen Skårabakkane.

Dei har venta på fergekaia, og har forstått at Johan Skår ønsker kraftverk. Dei peikar på at det må vere lys i bygga og ser fram til å bidra til suksess for Skårabakkane.

Landbruksutvalet, møte 22.11.21

“Landbruksutvalet er positive til utbygging av kraftverk på Skår, og meiner det kan styrkje næring og busetjing i bygda. Hjørundfjorden har store kultur- og landskapsverdiar, og det er viktig med ei så skånsom utbygging som mogleg, og at spesielt kraftstasjonen vert utforma slik at den ikkje vert for dominerande i kulturlandskapet”.

Johan Skår sende ut oppmoding til grendalaga i Hjørundfjorden vedlagt eit ferdig framlegg til støttefråsegn. Etter dette har det kome slike fråsegner:

Urke Grendalag 08.10.2021

«Urke Grendalag støtter opp om det positive som skjer i bygdene langs fjorden og seier derfor JA til bygging av minikraftverk på Skår» .

Sæbø grendalag, 24.10.2021

«Sæbø grendalag stiller seg positive til Johan Skår sine planar om minikraftverk på Skår. Vi er opptatt av levende bygder langs fjorden. Eit minikraftverk kan vere med på å halde liv i den vesle bygda».

Trandal grendalag, 24.10.2021

.....»Trandal har i likskap med Skår ingen annan tilkomst en ferje eller båt dersom ein skal få gjort elementære ting som å handle mat, vitje legen eller få borna til og frå barnehage og skule. At infrastruktur er viktig for dei to virksomheitene vi har i bygda burde vere unødig å påpeike, men vareleveransar og kundar kan nemnast.

Skår har per i dag ein sjøkabel som kan bryte saman når som helst. Den er heller ikkje dimensjonert for forsyne to hushaldningar, endå mindre ei verksemd.»

Standal grendalag, 26.10.2021

«Stadfester herved at Standal grendalag stiller seg positive til utbygging av kraftverk, og vidare utvikling av bygda Skår.

Skal ein bu og leve på plassar som ellers er utanfor allfarveg, skal ein utvikle og satse, ha lys i husa og halde kulturlandskapet ved like, er ein avhengig av å kunne utnytte dei ressursane som ligg i nærområdet. Vasskraft er den reinaste kjelda til energi, samtidig som den vil sikre straum og bedre mulighet for vidare satsing på Skår. Vi håpar dette lar seg gjennomføre, og ønsker skår lykke til i vidare satsing.»

Vurdering og konklusjon:

Tussa energi sin søknad er delt i tre delar.

- Første del er løyve til å bygge minikraftverk i Skårelva etter vassressurslova § 8. Kommunen samordnar denne med handsaming av saka som dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2.
- Andre del gjeld løyve til bygging og drift av elektriske anlegg og overføringskabel i sjø. Dette må anten byggast av områdekonsesjonæren, eller utbygger må søke NVE om anleggskonsesjon dersom det vert gjeve løyve til kraftutbygging.
- Søknad om løyve etter ureiningslova. Denne søknaden må sendast til og handsamast av rette mynde som er statsforvaltaren etter det ev. er gitt konsesjon/dispensasjon.

I denne saka vert såleis søknad om konsesjon og dispensasjon etter første del handsama.

Søknad om kraftverk med installert effekt på 2,5 MW i same vassdrag på Skår vart gitt avslag av NVE den 23.09.2014. Etter klagehandsaming valde Olje- og energidepartementet (OED) å oppretthalde NVE sitt avslag den 31.03.2016. I oversendingsbrevet frå NVE omtalar dei avslaget slik: *«I avslaget fra NVE er det lagt avgjørende vekt på at Skårelva har stor inntrykksstyrke i et fjordlandskap av nasjonal verdi, og at en utbygging vil redusere elva sin betydning i dette landskapet. Det ble i noen grad også vektlagt at en utbygging ville være uheldig for friluftslivet i området. I klagevedtaket fra OED er det også lagt til i vurderingen at en utbygging vil føre til økt samlet belastning på fjordlandskapet. NVEs vurdering og vedtak, samt OEDs klagebehandling av Skår kraftverk bør inngå som en del av kommunens samlede vurderingsgrunnlag når de behandler søknaden om Skår minikraftverk.»*

I 2013 gav kommunen fråsegn til sju søknader om kraftverk i Hjørundfjorden som var underlagt ei samordna handsaming av NVE. Kommunen tilrådde å gje konsesjon til fem søknader og frårådde to. Kommunen gjorde slikt vedtak som si fråsegn til NVE si handsaming når det gjaldt Skår kraftverk:

«Ørsta kommune ser svært positivt på den auka verdiskapninga med inntil 59 Gwh årleg ny rein energi. Verdiskapinga vil gi grunnlag for næringsutvikling og busetnad, som utbygging av småkraftverk vil kunne gi i dei ulike bygdela i kommunen.

Minstevassføring og tidvis overløp vil bidra til at dei gode landskapsopplevingane vil oppretthaldast.


Med grunnlag i søknadane og med tilhøyrande dokumentasjon har Ørsta kommune fylgjande tilråding for dei ulike søknadane.

.....

Skår Kraftverk

Vert tilrådd konsesjon – kommunen er positiv til at sjølve fossen vert urørt og at utbygger tek ansvar for straumforsyning til Skår.»

.....



Søknaden omfattar no eit kraftverk med mindre vassuttak enn det som vart omsøkt i 2012 slik at installert effekt er redusert til 1 MW, medan inntak, kraftgate og kraftstasjon er plassert på same stadane som ved den forrige søknaden. I tillegg til redusert slukeevne er minstevassføring på 22 l/s no foreslått å gjelde for heile året, ikkje berre om sommaren slik det var lagt opp til i tidlegare søknad. Desse endringane vil i følgje utgreinga som følgjer søknaden ha liten effekt på landskapsverknaden då nedre del av vassdraget består av relativt grove lausmasser. I utgangspunktet er altså dei fysiske inngrepa dei same i denne søknaden som det var ved handsaminga av søknaden i 2014, men utbygginga gjev auka vintervassføring (frå 0-22 l/s) og mindre produksjon (frå 6,35 til 4,7 GWh).

Konsekvensutgreiing

Kva planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast går fram av forskrift om konsekvensutgreiingar §8. Vasskraftverk er omfatta av KU-plikt etter vedlegg II pkt 3 h) i KU-forskrifta. Kriterie for vurderinga av om planen eller tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn og dermed skal konsekvensutgreiast går fram av forskrifta § 10. Vurderinga er ikkje berre ein utsjekk av konkrete kriterie, men er også basert på eit viss skjønn. Ingen av dei konkrete kriteria i andre, tredje eller fjerde ledd synest vere til stades i denne saka. Kommunedirektøren har registrert at NVE ved si handsaming av liknande søknad i 2014 ikkje kravde konsekvensutgreiing etter KU-forskrifta. Tiltaket i denne søknaden er tilsvarande når det gjeld fysisk omfang. Det ligg føre same utgreiingar som ved førre søknad, noko oppdaterte. Kommunedirektøren legg såleis til grunn at planane og tiltaket ikkje medfører vesentlege verknader etter KU-forskrifta og såleis ikkje utløyser KU-plikt.

Kommunen skal elles sjå til at saka er tilstrekkeleg opplyst når det vert fatta eit vedtak. Statsforvaltaren peika på i si fråsegn at søknaden på fleire punkt ikkje verka ferdig gjennomarbeidd, men at det under synfaringa vart orientert om planane og at det seinare har kome tilleggssopplysningar frå søkjar. Det ligg også føre fagutgreingar m.a. om biologisk mangfald. Kommunedirektøren legg til grunn at saka samla sett er forsvarleg utgreidd, jf. forvaltningslova § 17.

Moment frå høyringa

I høyringa har det kome fram synspunkt frå Naturvernforbundet om at det burde vore gjennomført ein ny og oppdatert biologisk rapport basert på nytt feltarbeid og Statsforvaltaren har peika på behov for å utarbeide ei vurdering av naturtypen fossesprøytsone.

Vår kommentar: Etter samråd med statsforvaltaren legg ein til grunn at ei ev. fossesprøytsone vil vere lokalisert høgare oppe i terrenget langs fossen enn der inntaket er plassert etter søknaden. Det skulle såleis ikkje vere behov for ei utgreiing av fossesprøytsone slik søknaden er utforma. Tussa har opplyst at i tillegg til den biologiske rapporten frå 2005, er det gjennomført nye undersøkingar i 2012 med mellom anna moseregistreringar. Det vert lagt til grunn at kravet til kunnskapsgrunnlag om biologisk mangfald i naturmangfaldlova § 8 er tilstrekkeleg oppfylt.

Mørenett informerer om behova for tiltak i straumnettet for å kunne ta mot produksjonen frå eit ev. Skår kraftverk. Det vil ta minimum 3-4 år før anlegga kan vere ferdig bygde. Mørenett ser det som naturleg at det er dei som skal bygge, drifte og eige ny sjøkabel med bakgrunn i områdekonsesjonen. Både Mørenett og naturvernforbundet peikar på at Mørenett har leveringsplikt.

Vår kommentar: Kommunen registrerer at det også er søkt om overføringskabel (sjøkabel). Denne må anten byggast av områdekonsesjonæren, eller utbyggjar må søke NVE om anleggskonsesjon dersom det vert gjeve løyve til kraftutbygging. Kommunen tek altså ikkje stilling til kven som ev. skal bygge, eige og drifte ein sjøkabel gjennom denne handsaminga.

Tiltak på eksisterande straumnett vert heller ikkje teke stilling til i saka. Spørsmål om leveringsplikt vert vurdert nedanfor.

Fleire av høyringspartane har peika på viktige natur- og kulturlandskapsverdiar som vil verte påverka av ei utbygging. Det er også peika på sumeffektar på landskap ved utbyggingar i Hjørundfjorden. Dette gjeld m.a. Statsforvaltaren og Møre og Romsdal fylkeskommune og Naturvernforbundet.

Vår kommentar: Dette er eit sentralt tema ved vurdering av søknaden som vil verte drøfta vidare nedanfor.

Fleire av merknadane peikar på fordelar for lokalsamfunnet, lokal næringsutvikling, busetting og skjøtsel av kulturlandskapet som følgje av ein ev. utbygging av kraftverk på Skår. Dette er påpeika frå grunneigarane på Skår, ulike grendelag i bygder langs Hjørundfjorden, Hjørundfjord bondelag og frå stiftinga Ørsta næringskontor. Også i den siste fråsegna frå Møre og Romsdal fylkeskommune er det peika på både lokale fordelar ved betra infrastruktur for straumforsyning og fiber, beredskap og grunnlag for å utløyse ny næringsverksemd, men også fordelar knytt til at ei utbygging bidreg noko til ny fornybar kraftproduksjon. Også Statsforvaltaren ser behovet for meir straum på Skår, men peikar på at dette må vegast opp mot ulempene for dei viktige landskapsverdiane som området representerer.

Vår kommentar: Fordelane ei kraftutbygging vil gje må vegast opp mot ulempene, dette vert drøfta nedanfor.

Avveging av fordelar og ulemper m.v.

Skår ligg i eit stortilt og dramatisk naturlandskap i Hjørundfjorden og utgjør eit særmerkt kulturlandskap der det i dag berre er eit fåtal fastbuande. På det eine gardsbruket vert det satsa på ny næringsverksemd knytt til turisme. Det er signalisert at den lokale landbruksdrifta snart vil kunne verte lagt ned.

Ei utbygging som omsøkt vil ha verknader for landskapet. Dersom det vert gitt dispensasjon og konsesjon må tiltaket utførast slik at negative verknader av tiltaket vert minst mogleg. Eit ev. løyve må i naudsynt omfang sette vilkår som sikrar best mogleg landskapstilpassing og gjengroing/naturalisering av inngrepa, særleg dei som er lagt i naturleg terreng. Inngrep over dyrka mark vil raskt gro att. Kulturlandskapet treng bruk for å kunne oppretthaldast over tid. Grunnleggjande infrastruktur slik som ferje- og skyssbåtsamband og sikker og tilstrekkeleg straumforsyning er viktige rammevilkår for om det i framtida vil vere busetting og landbruksdrift på Skår. Ei utbygging vil likevel ikkje åleine sikre at det vert busetting og skjøtsel av kulturlandskapet.

Opphøveleg søknad er justert noko i og etter høyringsperioden. Gjennom vilkår vert det gjort eintydig kva som vert lagt til grunn for eit ev. løyve til utbygging.

Inntak

Tussa oppgir at det er planlagt å bygge eit Coanda-inntak. Dette skal i stor grad vere sjølvreinskande og reduserer behovet for tilkomst til inntaket og Tussa har sjølv konkludert med at det ikkje er behov for verken veg eller køyrefast del av terrenget fram til inntaket. Inntaket er plassert under fossen bak ein markert lausmasserygg. Denne kan bidra til å skjerme innsynet til inntaket og såleis redusere landskapsverknaden av inngrepet. Ved avslutning av tiltaket bør det i detaljplanen leggjast vekt på at denne ryggen i så stor grad som mogleg vert bygd opp att for å skjerme inntaket mot innsyn og såleis redusere fjernverknaden.

Røyrгатetrase

Det skal gravast ned eit støypejernsrøyr med diameter 500 mm. I deler av traseen vil det verte sprengt grøft i fjell. I nedre del vil eksisterande vegar og landbruksvegar verte rusta opp

for å gje tilkomst. For å redusere landskapsinngrep og landskapsverknad bør ikkje øvste del av eksisterande landbruksveg opprustast og forlengast for å gje tilkomst til traseen i den delen som i dag er naturleg terreng. I øvre del over om lag pel 350 vil såleis røyrgatetraseen verte nytta som anleggsveg i byggeperioden. Det er opplyst at stigninga i traseen ikkje er så bratt at det er naudsynt med støttevegar inn i traseen.

For å unngå at røyrgatetraseen kjem i konflikt med dyrkingsrøyser på strekninga om lag pel 180 – 320 foreslår søkar å justere traseen på dyrkamarka søraust for røysene. Vi er samde i at dette gjev den beste landskapstilpassinga.

Kraftstasjonsområdet

Kraftstasjonen er plassert i nærleiken av eksisterande hamn like aust for elvemunningen. I søknaden var den opphavleg vist lagt tungt inn i bratt terreng, noko som ville måtte medføre betydelege skjeringar og fysiske inngrep. Etter innspel under synfaringa og i høyringa, foreslår søkar å etablere ei fylling i sjøen slik at stasjonen kan trekkast noko ut av det bratte terrenget. Føresett god utføring av fyllinga og tomta, kan dette gje ei langt betre terreng- og landskapstilpassing enn slik det var synt i opphaveleg søknad. Plasseringa like inntil eksisterande hamn samsvarer også med prinsippet om å samle inngrep. Med denne plasseringa unngår ein såleis å gjere inngrep som stykkar opp og «punkterer» kulturlandskapet i eksisterande strandsone utan større fysiske inngrep frå før.

Kraftstasjonsbygningar kan utformast anten slik at dei er tilpassa omgjevnadane og underordnar seg i landskapet, eller slik at dei stikk seg fram og peikar seg ut. Det er eksempel på begge slike tilnærmingar i kommunen frå før. Søkjaren har ikkje lagt fram skisser eller illustrasjonar av arkitektonisk utforming av eit kraftstasjonsbygg, men omtalar dette slik at ein no ser for seg å utforme eit bygg som tek att element i eksisterande bygg som natursteinsveggar og torvtak. Det vil verte nytta arkitekt i utforminga i samband med detaljplanen.

Det er føresett bygt ny/opprusta anleggstilkomst til kraftstasjonen. Det er i dag ein enkel traktorveg delvis i same trase som er tilkomst til eksisterande hamn.

Naturfare

I bygge- og anleggsområda er det aktsemdområde for snø- og steinskred, jord- og flaumskred, og under marin grense aktsemdområde for kvikkleire. I samband med detaljplanen må det dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med krava i TEK.

Inngrepsfrie område

I følgje søknaden vil utbygginga føre til at INON-området sone 3 (1-3 km) vert redusert med om lag 0,88 km², 0,56 km² for sone 2 (3-5 km) og for sone 1 (over 5 km) vert det inga endring. Jamfør også fylkesdelplan for inngrepsfrie område. Inngrepa vil skje i det landskapsromet som ligg nedanfor fossen. Dette er delvis prega av kulturlandskap, særleg i nedre del, og avgrensa romleg av landskapsformene som dalsidene og den bratte stigninga dalen har frå foten av fossen og opp til platået bakanfor. I konsulentrapporten frå 2012 var landskapsverdien vurdert som stor og den planlagde utbygginga vurdert å ha middels/stor negativ konsekvens i høve fjordlandskap.

Minstevassføring

Minstevassføringa er sett til 22 l/s heile året, dette representerer alminneleg lågvassføring. Dette tilsvarer det krav NVE vanlegvis set ved konsesjonsfritak eller når det ikkje er registrerte verdiar som tilseier at ein må stille krav for å avbøte negative konsekvensar. Det blir ofte stilt krav om minstevassføring tilsvarane 5-persentilen. I vurderinga av moglege avbøtande tiltak er det i rapporten frå Bioreg AS s 22 sagt at «..... har minstevassføring mindre meaning i og med at vatnet stort sett forsvinn ned i grunnen ved låge vassføringar.» Dette er uttala med tanke på biologisk mangfald, men kan også ha relevans for vurdering av landskapsverknad. Tussa har sjølv i søknaden m.a. argumentert for at vasstrengen ved ei vassføring på 230 l/s berre er synleg få stader, og at det vil vere overløp

over inntaket i store deler av sommarsesongen. Tussa har også vist skilnad i produksjon og kostnader ved alminneleg lågvassføring på 22 l/s og 5-persentilen (jamfør søknaden s 30). Det er ikkje oppgitt kor stor vassføring 5-persentilen tilsvarar. I rapporten om samla belastning på fjordlandskapet i Hjørundfjorden står følgjande: *«Det er også utreders oppfatning at den grove strukturen i løsmassene, som elva drenerer i lavereliggende deler, vil kreve en omfattende minstevassføring for å ha en visuell effekt.»* Kommunedirektøren har såleis ikkje vesentlege merknader til å minstevassføringa er sett relativt lavt.

Friluftsliv/naturmangfaldlova/andre allmenne interesser

Konsekvensar for biologisk mangfald er omtala og utgreidde i søknaden. Vilkår om minstevassføring føresett som eit avbøtande tiltak for å ivareta omsyn til det akvatiske miljøet, men det er også peika på at for den nedre delen av elva fører grove masser i elveløpet til at vatnet i stor grad forsvinn ned i grunnen ved låg vassføring.

Ferdselsruter for friluftsliv vert ikkje direkte påverka av utbygginga. Friluftslivet vert likevel påverka som følgje av fysiske inngrep i kultur- og naturlandskapet som medfører at opplevingskvalitetane vert endra. Ei best mogleg utføring og landskapstilpassing vil redusere slike ulemper. Under anleggsarbeidet må det unngåast å påføre friluftslivet vesentlege ulemper.

Slik det framgår ovanfor, kan det leggjast til grunn at kravet til kunnskapsgrunnlag etter naturmangfaldlova § 8 er oppfylt når det gjeld kartlegging av biologisk mangfald.

Konsekvensane ei utbygging vil medføre vert elles vurdert til å vere tilstrekkeleg utgreidde til å gjere ei reell avveging mellom fordelar og ulemper, jf. naturmangfaldlova § 9 om føre-var-prinsippet og § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning.

Dei vilkår som vert sett gjennom ev. konsesjon og dispensasjon for utbygginga, utføringa og drift må følgjast opp og kostast av søkar, jf. naturmangfaldlova §§ 11 og 12.

Ei utbygging vil påverke tilstanden i Skårrelva som vassforekomst negativt. Etter vassforskrifta § 12 kan nye inngrep gjennomførast når samfunnsnyttan med inngrepa er større enn tapet av miljøkvalitet.

Alternativ

I vassressurslova § 23 står mellom anna: *«Hvis et vassdragstiltak kan volde vesentlige skader eller ulemper, skal det legges vekt på å få utredet aktuelle alternativer som har en annen lokalisering, andre tekniske løsninger eller en annen utforming.»*

Dei viktigaste positive samfunnsmessige verknader ved ei utbygging er knytt til å sikre stabil og nok kraftforsyning til Skår for dagens bruk og den bruk som noverande og framtidig næringssetting har behov for. Eit spørsmål vil då vere om det finnast andre alternative tiltak for å sikre trygg og tilstrekkeleg kraftforsyning enn omsøkt utbygging.

Eitt alternativ kan vere å bygge eit betydeleg mindre kraftverk som kun leverer straum til lokalt behov. Dette kan også vere kraftverk basert på andre energikjelder. Ei slik utbygging er så langt kommunen kjenner til ikkje vurdert eller utgreidd.

Eit anna alternativ kan tenkjast å vere at Mørenett, som i utgangspunktet har leveringsplikt etter Energilova § 3-3, står for anten ny sjøkabel som sikrar tilstrekkeleg kapasitet og ei sikker forsyning, eller på annan måte sikrar lokal krafttilgang. Energilova § 3-3- har slik ordlyd:

§ 3-3.(Områdekonsesjonærens leveringsplikt)

Den som gis områdekonsesjon etter § 3-2, skal levere elektrisk energi til alle kunder innenfor det geografiske området konsesjonen gjelder for. Områdekonsesjonæren har plikt til å

tilknytte nye anlegg for uttak av elektrisk energi og om nødvendig investere i nettanlegg innenfor det geografiske området konsesjonen gjelder for. Den samme plikten gjelder ved forbruksøkninger som medfører behov for investeringer i nett. Plikten til å foreta nødvendige investeringer i nettanlegg etter annet og tredje punktum gjelder også anleggskonsesjonærer der tilknytningen utløser et investeringsbehov.

Reguleringsmyndigheten kan dispensere fra leverings-, tilknytnings- eller investeringsplikten etter første ledd når særlige grunner tilsier det.

Departementet kan gi forskrift om leveringsplikten, blant annet om priser, konsesjonærenes og sluttbrukernes vilkår, gjennomføring, organisering og informasjon.

Reguleringsmyndigheten skal ved enkeltvedtak

- a. fastsette eller godkjenne vilkår for leveringsplikt, eller
- b. fastsette eller godkjenne metoder for å fastsette vilkår som nevnt i bokstav a.

I «Forskrift om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettvirksomheten og tariffen» er det fastsett regler om anleggsbidrag, jf. § 16-1 og 16-5:

§ 16-1. Når skal nettselskapet fastsette og kreve inn anleggsbidrag

Nettselskapet skal fastsette og kreve inn et anleggsbidrag fra kunden for å få dekket hele eller deler av kostnadsgrunnlaget for investeringene som blir utløst når kunden:

- a. blir tilknyttet nettet
- b. får økt kapasitet
- c. får bedre kvalitet.

Nettselskapet skal også fastsette og kreve inn et anleggsbidrag fra kunder som blir tilknyttet eller får økt kapasitet i nettanlegg som er anleggsbidragsfinansiert. Plikten gjelder i ti år fra tidspunktet kunden som utløste investeringen ble tilknyttet eller fikk økt kapasitet.

§ 16-5. Beregning av anleggsbidrag

Anleggsbidraget kan maksimalt være lik kostnadsgrunnlaget for nettinvesteringen minus utredningskostnader kunden har betalt etter § 17-5 tredje ledd.

Kostnadsgrunnlaget er anleggskostnad, fratrasket reinvesteringskostnader, tillagt fremskyndingskostnader og samlede utredningskostnader etter § 17-5 tredje ledd.

Kundens anleggsbidrag settes lik en andel av kostnadsgrunnlaget på hvert nettnivå. For kundens bestilling som utløser investeringer i nettanlegg der kunden er eneste bruker beregnes andelen etter § 16-8. Andelen beregnes etter § 16-9 for kundens bestilling som utløser investeringer i nettanlegg med flere brukere i distribusjonsnettet. Andelen beregnes etter § 16-9 og § 16-10 for kundens bestilling som utløser investeringer i nettanlegg med flere brukere i regional- og transmisjonsnettet.

Som det går fram av dette må Mørenett syte for levering av straum uavhengig av om det vert gjeve løyve til utbygging eller ikkje. Dersom det er fast busetnad, forstår vi at dispensasjon frå leveringsplikta vil «sitte langt inne». Men kunden eller kundane vil få fastsett eit anleggsbidrag som dekker heile eller deler av kostnaden med å sikre auka kapasitet eller betre kvalitet på straumforsyning basert på leveringsplikta. Kommunen kan ikkje ta stilling til vilkåra for eit anleggsbidrag, og har heller ikkje informasjon om konkret kostnad for ei slik alternativ løysing.

Samla vurdering

I avveginga mellom føremoner og ulemper ved ei utbygging må det leggjast stor vekt på vurderingane som NVE og OED gjorde ved handsaming av tidlegare søknad i 2014/2016, og grunngevinga for avslag. I oversendingsbrevet frå NVE har dei omtala dette slik: *«I avslaget fra NVE er det lagt avgjørende vekt på at Skårrelva har stor inntryksstyrke i et fjordlandskap av nasjonal verdi, og at en utbygging vil redusere elva sin betydning i dette landskapet. Det ble i noen grad også vektlagt at en utbygging ville være uheldig for friluftslivet i området. I klagevedtaket fra OED er det også lagt til i vurderingen at en utbygging vil føre til økt samlet belastning på fjordlandskapet. NVEs vurdering og vedtak, samt OEDs klagebehandling av Skår kraftverk bør inngå som en del av kommunens samlede vurderingsgrunnlag når de behandler søknaden om Skår minikraftverk.»*

NVE har også vist til at vurderinga skal ta utgangspunkt i dei til ei kvar tid fastsette retningslinjer for små kraftverk som er fastsett av Olje- og energidepartementet. I desse retningslinjene s 15 der fjordlandskap er omtala, går det fram at Hjørundfjorden, som eit «fjordlandskap av regional, nasjonal eller internasjonal betydning», vil verte vurdert som eit fjordlandskap av stor verdi. Her er også omtala sentrale problemstillingar, metodisk tilnærming til planprosess og det vert peika på moment ved vurderingar i enkeltsakshandsaming. Relevante moment er at ved planlegging av utbyggingar i landskap av stor verdi *«skal det utvises særlig varsomhet med sikte på å bevare landskapskvalitetene og helheten i landskapet. Det skal stilles krav til utførlig dokumentasjon av verdier, eventuelle virkninger og potensialet med avbøtende tiltak»*. Vidare at *«Søknader om utbygging i sammenhengende fjordlandskap bør samordnes og behandles mest mulig samlet.»* I samband med handsaming av tidlegare søknad var det utarbeidd ein konsulentrapport om samla belastning på fjordlandskapet i Hjørundfjorden (lenke: <https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201105971/658423>). Rapporten konkluderte med at utbygginga ville ha middels/stor negativ konsekvens.

Ved den kommunale handsaminga tilrådde kommunen ved formannskapet søknaden slik den då låg føre, og uttala m.a: *«Vert tilrådd konsesjon – kommunen er positiv til at sjølve fossen vert urørt og at utbyggjar tek ansvar for straumforsyning til Skår.»*

Søknaden er endra slik at den no kjem under grensa for når kommunen kan handsame den, altså inntil 1,0 MW mot tidlegare 2,5 MW. På grunn av at nedre del av vassdraget består av relativt grove lausmasser medfører redusert installert effekt og auka minstevassføring vinter neppe ein vesentleg skilnad for landskapsverknaden, som er eitt av dei viktigaste momenta som må vurderast. Dei vesentlegaste endringane sett i høve tidlegare handsaming har kome fram som endringar og presiseringar i etterkant av synfaring og høyring. Dersom dette vert følgt opp som vilkår i konsesjon/dispensasjon og føringar for seinare detaljplan er prosjektet forbetra sett i høve grunnlaget ved tidlegare handsaming.

Kommunedirektøren ser ikkje grunnlag for å reise tvil om dei vurderingane som vart gjort av NVE og OED i tidlegare handsaming. Kommunedirektøren er også samd i at verknadane av ei utbygging må vurderast i lys av at landskapsverdiane i Hjørundfjorden ikkje berre er viktig lokalt, men er av nasjonal verdi. Kommunen ved formannskapet tilrådde likevel konsesjon ved si handsaming i 2013, dette i samsvar med rådmannen si tilråding. Dette kan forståast slik at formannskapet la større vekt på dei lokale fordelane ei utbygging kunne gi med sikker og tilstrekkeleg straumforsyning som grunnlag for mogleg busetting og næringsutvikling m.v. enn det NVE og OED gjorde ved sine handsamingar.

Med dei forbetringane som no har kome fram i høve søknaden er ulempene noko redusert, og fordelane for lokalsamfunnet kan vurderast å framstå med større tyngde. Det vert då lagt vekt på at kommunen har stått føre ei betydeleg satsing gjennom å sikre fergekaia sin funksjon. Satsinga på turisme på Skår og utvikling av reiselivet i Hjørundfjorden generelt gjennom utarbeiding og oppfølging av masterplanen for reiseliv i kommunen inneber at reiselivssatsinga i området har kome lenger i dag enn i 2014/2016. Til dette må ein sjølv sagt

ta med i vurderinga at ei utbygging også kan ha negative verknader på opplevinga av natur- og kulturlandskapet på Skår og i Hjørundfjorden og kan såleis også ha negative verknader på grunnlaget for turisme.

Inntaket er plassert nedanfor fossen, både i tidlegare søknad og i søknaden som no er til handsaming. Den mest inntrykkssterke delen av elva er såleis ikkje påverka av inngrepet. Også elva nedanfor inntaket er ein viktig del av landskapsopplevinga, og vil verte noko påverka av ei utbygging. På grunn av dei grove massene i denne delen av vassdraget vil truleg ikkje den endra installerte effekten med lågare vassuttak ha markert verknad for landskapsopplevinga.

Dei andre endringane og justeringane som har vorte gjort under og etter høyringsperioden meiner kommunedirektøren har forbetra søknaden i større grad enn det redusert vassuttak inneber. Ut frå tidlegare røynsler med kraftutbyggingsaker i området vil særleg det å unngå køyresterk del av terreng eller tilkomstveg til inntaket kunne legge til rette for betre tilgroing av inngrepet. Dette vil kunne utgjere ein stor skilnad særleg der røyrgata går i område med skoglaust naturterreng med stor eksponering i landskapet. Det er såleis viktig at utbyggar har konkludert med at det ikkje er behov for verken veg eller køyrefast del av terrenget fram til inntaket og at røyrgatetraseen vert teken i bruk som anleggsveg frå omlag pel 350. Det siste medfører at det ikkje vert behov for å ruste opp den siste delen av landbruksvegen og heller ikkje forlenge denne inn i traseen, noko som reduserer landskapsinngrepa. Også plassering og utforming av tomt og kraftstasjonen for å redusere landskapsverknaden vil ha stor innverknad på omfanget av inngrepa.

Under føresetnad av at vilkåra lista opp nedanfor vert følgt opp, vurderer kommunedirektøren at søknaden er klart forbetra i høve slik den låg føre ved tidlegare handsaming i 2014/2016.

- Terrengforma ved inntaket bør så langt råd tilbakeførast for å skjerme innsyn til inntaksarrangement og såleis minimere landskapsverknaden
- Det er ikkje behov for verken veg eller køyrefast del i terrenget fram til inntaket
- Røyrgatetraseen med anleggsveg frå pel 350 og opp til inntaket må tilretteleggast for best mogleg naturleg tilgroing, utan føring om køyresterk del i terrenget
- Røyrgatetraseen mellom om lag pel 180 – 320 skal leggast på dyrka mark søraust for rydningsrøysene for å gje minst mogleg landskapsverknad på denne strekninga. Dyrkamarka må gjenoppbyggast etter utført røyrlegging.
- Utfylling av tomt til kraftstasjon må utformast med god visuell kvalitet, og ved plassering av stasjonsbygg må det leggast vekt på å redusere behovet for store skjeringar i terrenget.
- Utforming av kraftstasjonsbygget må gjerast ut frå prinsippet om å underordne seg og tilpasse seg landskapet. Det kan gjerne nyttast naturmaterialar som gjer at bygget glir best mogleg inn i landskapet. Endeleg utforming må fastsettast i detaljplanen.

Kommunen skal handsame søknaden både etter reglane om konsesjon i vassressurslova § 8 og som dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2.

I Vassressurslova er følgjande reglar mest relevante for konsesjonshandsaminga:

§ 8. (konsesjonspliktige tiltak)

Ingen må iverksette vassdragstiltak som kan være til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser i vassdraget eller sjøen, uten at det skjer i medhold av reglene i § 12 eller § 15, eller med konsesjon fra vassdragsmyndigheten.

.....

§ 25. (kriterier for konsesjon)

Konsesjon kan bare gis hvis fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet.

Når et tiltak er av varig karakter eller av andre grunner kan få mer langsiktige virkninger, skal kravet i første ledd være oppfylt på lengre sikt.

Dispensasjon etter plan- og bygningslova vert handsama etter § 19-2:

§ 19-2. Dispensasjonsvedtaket

Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.

Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt. Fordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.

Ved dispensasjon fra loven og forskriften til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, jordvern, sikkerhet og tilgjengelighet.

.....

Etter begge lovverka er ei avveging mellom fordelar og ulemper sentralt. Etter plan- og bygningslova skal heller ikkje plan- og lovgrunnlag eller viktige regionale eller nasjonale interesser verte sett vesentleg til side.

Kommunedirektøren vurderer at det ligg føre vesentlege lokale fordelar ved ei utbygging som sikrar ei stabil kraftforsyning til Skår med nok kapasitet på lang sikt. Dette grunnlaget er avhengig av at nokon utnyttar mulegheitene til busetting eller næringsutvikling på Skår. Vidare vil det kunne medverke til å halde i hevd kulturlandskapet gjennom drift og skjøtsel av dei dyrka areala og beitebruk. Redusert vassuttak og produksjon gjennom redusert installert effekt reduserer også den økonomiske samfunnsnyttan noko.

Ulempene er i hovudsak knytt til fysiske inngrep og landskapsverknaden av desse, og til bortføring av vatn frå inntaket til sjøen. Dei negative verknadane må også vurderast i høve den samla verknaden for fjordlandskapet i Hjørundfjorden og i lys av at natur- og kulturlandskapet i Hjørundfjorden ikkje berre har lokal og regional verdi, men også er av nasjonal verdi.

Etter det som går fram av vurderingane ovanfor finn kommunedirektøren at planane framstår forbetra særleg med dei endringane som har kome fram under og etter høyringa, og at ulempene i høve landskapsverknader såleis er reduserte.

Etter ei samla vurdering av søknaden med tilleggssopplysningar og justeringar samt dei innkomne fråsegnene, vurderer kommunedirektøren såleis at søknaden slik den no framstår ikkje vil sette plan- eller lovgrunnlaget vesentleg til sides og at fordelane vil vere større enn ulempene. Det er då lagt avgjerande vekt på fordelane for lokal busetting og verdiskaping.

Wenche Solheim
kommunedirektør

Ivar-Otto Kristiansen
seksjonsleiar tekniske tenester